

SAK 03/17 RETTSSENTER HALLINGDAL

Saksopplysing

I denne omgang er det lagt opp til ei drøftingssak. Korleis kan Regionrådet for Hallingdal vera ein aktiv medspelar for å sikre rettssenteret i Hallingdal.

Prosess

- Domstolsadministrasjonen etter initiativ frå Justisdepartementet, ba domstolane om å koma med synspunkt på mellom anna samlokalisering. Fristen for domstolane til å koma med sine synspunkt var 14.3.2014.
- Tingretten og jordskifteretten i Hallingdal var positive til å arbeide for ei samlokalisering
- Regionrådet for Hallingdal støttar arbeidet med å samlokalisere tingrett og jordskifterett til eit felles rettssenter for Hallingdal (sak 57/15)
- Det vart sett ned eitt brukarutval med rep. frå både tingrett og jordskifterett. Brukarutvalet var i dialog med DA om romplan for ein samlokalisert domstol
- DA hadde møter med Nes og Gol kommune
- Epost frå DA 8.5.2015:
Domstoladministrasjonen viser til henvendelse av 4.5.2015. I samarbeid med domstolene har det vært arbeidet for å utforme et romprogram basert på en samlokalisering. Dette arbeidet har dessverre tatt noe lengre tid enn forventet. Vi håper å avslutte denne prosessen før ferien og på dette tidspunktet kunne informere kommunene om fremdriften for samlokaliseringosalternativet.
- Brev frå DA, dat. 9.7.2015 der dei skrinlegg samlokalisering av domstolane i Hallingdal
- Brev frå DA til domstolsleiarar 15.9.2015, der dei orienterer om arbeid med forslag til strukturendringar i domstolane hausten 2015.
- I forslag til stasbudsjett frå Justis- og beredskapsdepartementet (Prop.1 S (2015–2016)) står det ma: *4.6.5 Sammenslåing av domstoler*
*Økt kompleksitet i sakene som behandles i domstolenestiller høyere krav til den enkelte dommer. Små domstoler er særlig sårbar for de utfordringene mer komplekse og kapasitetskrevende saker utgjør. Regjeringen ønsker større tingretter for å lette avviklingen av ressurskrevende saker og rettssaker med flere dommere, og for å møte krav og faglige utfordringer samfunnet vil stille i fremtiden. På denne bakgrunn sendte departementet 5. juni 2015 på høring forslag til sammenslåing av følgende tingretter (lokaliseringforslag i parentes): Aust-Telemark og Nedre Telemark tingrett (Skien); Jæren tingrett og Dalane tingrett (Sandnes); Sør-Trøndelag tingrett og Fosen tingrett (Trondheim); Modum, Eiker og Sigdal tingrett og Kongsberg tingrett (opprettholdes på hhv. Kongsberg og Hokksund), Bergen tingrett og Nordhordland tingrett (Bergen). Høringsfristen var 5. september 2015. Høringsuttalelsene er til behandling i departementet. Regjeringen tar sikte på å gjennomføre de ovennevnte sammenslåingene i løpet av 2016. Domstoladministrasjonen har ansvaret for den praktiske gjennomføringen av sammenslåingene. **Regjeringen vil utarbeide plan for ytterligere sammenslåinger.***
- Innstilling fra justiskomiteen om løyvingar på statsbudsjettet for 2016 (10.12.2015)
DOMSTOLSSTRUKTUR
Komiteens flertall, medlemmene fra Høyre, Fremskrittspartiet og Kristelig Folkeparti, viser til Prop. 1 S (2015–2016) hvor det foreslås sammenslåing av flere tingretter. Flertallet viser til at det kan foreligge gode grunner for sammenslåing av enkelte tingretter, som Nordhordland tingrett og Bergen tingrett som er lokalisert i samme bygg, samt Eiker, Modum og Sigdal tingrett og Kongsberg tingrett med videreføring av kontorsteder både i Hokksund og på Kongsberg. Disse prosessene kan gjennomføres. De øvrige omtalte sammenslåingene i proposisjonen gjennomføres ikke. Flertallet viser til at det er en del uro

knyttet til noen av de andre foreslårte sammenslåingene som er omtalt i proposisjonen, samt de foreslårte sammenslåingene som Domstoladministrasjonen (DA) har varslet. Flertallet viser til DA sin uavhengige rolle og dertil fagansvar for videre utvikling av struktur i domstolene. Flertallet har likevel ingen intensjon om å gjennomføre flere sammenslåinger nå, og peker blant annet på at det kommer en påtalereform som vil kunne få betydning for domstolsstrukturen. Flertallet peker videre på at hensyn til rettssikkerhet, fagmiljø og rekruttering er vesentlige faktorer som kan påvirke fremtidens tingrettsstruktur.

Dersom man lokalt ønsker endringer i strukturen, må det gjennomføres en prosess der det er gode diskusjoner og prosesser lokalt knyttet til sammenslåinger. I dette arbeidet er det viktig å sikre at både kommunene og ansatte i domstolene involveres på en god måte. Dersom man etter en slik prosess oppnår lokal enighet, har flertallet ingen motforestillinger mot en sammenslåing.

- Ut frå dette, kakefest, vedlegg 1.
 - Nes kommune utarbeidde skisseprosjekt for ombygging av Tinghuset, investering i storleik 22 millionar kroner.
 - Diverse rundar mellom Nes kommune og Domstolsadministrasjonen i høve til m.a.kostnadars husleige og leigeperiode (vedlegg 2)
 - 26.10.2016, møte mellom Nes kommune og DA, i tillegg Hallingdal tingrett og underteikna.
- Konklusjon
- Positivt møte ingen dørar lukka.
 - DA ser det som eit godt grunnlag at det semje om samlokalisering tingrett og jordskifterett og at det er semje i Hallingdal.
 - Nes kommune vart utfordra på rombehov og vil sjå nærare på dette, sjølv om det allereie er gjort mykje, ligg på eit forsvarleg nivå.
 - DA var i denne fasen ikkje absolutte verken på leigeprisar eller leigeperiode.
 - «Regjeringen vil påbegynne et arbeid med å utforme mandat og nedsette et utvalg som blant annet skal utrede endringer i domstolstrukturen.» Framdrift på dette arbeidet er ikkje klarlagt. Dette ville kunne skapt utfordringar for framdrift ombygging til rettsenter Hallingdal, men det var semje om at prosess ikkje skal stoppe opp. DA vil gjera overordna vurderingar i forhold til desse spørsmåla.
 - Vidare arbeid:
 - lokalt ser på mogelegheiter for endå meir nedjustering av areal og kostnadseffektive løysingar, med DA som ein aktiv bidragsytar
 - Utarbeide forslag avtale med leigeforhold basert på 10år og 20 år, oppseiingstid, vurdering i forhold til inventar/utstyr
 - Nytt drøftingsmøte utgangspunkt januar 2017
- Styremøte DA 12.12.2016

16/088 Utredning av fremtidig domstolstruktur – Begrensninger i økonomiske disposisjoner

Regjeringen foreslår i statsbudsjettet for 2017, jf. Prop IS (2016-2017) å nedsette et utvalg som skal utrede fremtidig domstolstruktur. Det legges også opp til at utvalget skal utrede ulike tilknytningsformer mellom Domstoladministrasjonen (DA) og den utøvende makt. I tillegg skal det vurderes om andre spørsmål knyttet til domstolenes uavhengighet skal inngå i mandatet.

Selv om utvalgsarbeidet og en påfølgende politisk behandling vil ta noe tid, bør DA allerede nå vurdere om det er nødvendig med begrensninger i økonomiske disposisjoner. Dette for å unngå at det foretas økonomiske disposisjoner i utredningsperioden som etter eventuelle nye strukturendringer, vil være uhensiktsmessig og påfører domstolene større omstettingsutgifter enn nødvendig. De klart største utgiftene i domstolsbudsjettet er bemanning og lokaler. Det vil derfor være naturlig å se nærmere på disse områdene.

Vedtak

Styret vedtok følgende tiltak for å redusere omstettingsutgiftene ved eventuelle framtidige strukturendringer:

1. Lokaler

Ved forlengelse av eksisterende leiekontrakter og inngåelse av nye kontrakter, skal nødvendig fleksibilitet sikres ved hensiktsmessige fastsettelse av leietiden og klausuler som gjør det mulig å avslutte leieforholdet når det er behov for dette. Dette betyr: Kortsiktige forlengelser av leiekontrakter i eksisterende leieforhold skal prioriteres. I den grad nye leiekontrakter må inngås bør disse ha 12 mnd oppsigelse, evt. innarbeidet med 12 mnd oppsigelsesklausul med forbehold for strukturendringer Alternative leieforhold og oppgraderinger/ombygginger av eksisterende lokaler skal vurderes i forhold til muligheten for at strukturendringer kan gjøre investeringene verdiløse. Det kan gjøres unntak for nødvendige tiltak som universell utforming og tiltak som øker sikkerheten for de ansatte i domstolene og aktørene.

- Ingen attendemelding til Nes kommune, førebels.

Dagens avtale mellom DA og Nes kommune er 10 år rekna frå 1.4.2015.

Vurdering

Med bakgrunn i statsbudsjettet for 2017, jf. Prop 1S (2016-2017) og utval som m.a. skal utgreie framtidig domstolstruktur kan ein risikere ei ny ørkenvandring. Framdrift for arbeidet er ikkje klarlagt. Dette vil kunne skapa ny usikkerheit og utfordringar for framdrift ombygging til rettsenter Hallingdal. Det er avgjerande at desse forholda blir avklara, der det også må leggast vekt på dei tydlege signal i innstilling frå justiskomiteen til statsbudsjettet for 2016. Målsettinga må vera å få på plass gode nok leigeavtalar og koma i gang med bygging snarast råd.

Ål 20.1.2017

Knut Arne Gurigard

Dagleg leiar

Vedlegg 1: Hallingdølen 3.12.2015

Vedlegg 2: Hallingdølen 20.10.2016

Vedlegg 3: Hallingdølen 17.1.2017

Millionar til vedlikehald

Den kommunale bygningsmasen i Nes skrik etter millionar.

ARNE O. LINDAHL
aol@hallingdolen.no

Vedlikehaldsetterslepet er på omkring 25

millionar. I tillegg kjem eit investeringsbehov i nye bygg på ca. 10 millionar.

Å selje bustader for å frigjere kapital kan bli resultatet. Samlokalisering blir også vurdert. Formannskapet ber rådmannen greie ut ei samlokalisering av

lege- og helsetenester. Ei utbetring av Sorenskrivargården skal sjåast i samanheng med moglegheit for å samlokalisere Fri-villigssentralen og dagsenter med helsetenestene på Elverhøy helsetun.

Nes kommune har sett av pengar i

budsjettet til ei utbygging av Tinghuset for å imøtekome behovet til tingretten. Formannskapet vil vente på ei avklaring av kva som skjer med Hallingdal tingrett. No er den kome. Hallingdal tingrett blir i verande i Tinghuset.



FEIRA: Sorenskrivar Stein Arne Vedde t.h. inviterte til kakefest. Frå venstre dommarfullmektig Maja Salhus Røed, dagleg leiar i Regionrådet for Hallingdal, Knut Arne Gurigard, første vararepresentant til Sp på Stortinget, Gerd Eli Berge, Rune Ihle og dei tilsette Anne Beate Brøto Langslet, Grethe Tyribakken Andersen og Kristin Lie Rukke.

Kakefest i tingretten

■ Men kampen held fram

Som lyn frå klar himmel kom beskjeden: Hallingdal tingrett er redda.

ARNE O. LINDAHL
aol@hallingdolen.no

Derfor vart det feira i erverdige omgivnader i rettslokala i Tinghuset i Nesbyen onsdag foremiddag.

- Avgjerda kom ikkje overraskande. Gradvis vart det klart kor vinden bles, seier sorenskrivar Stein Arne Vedde.

■ Ein god dag

Men den politiske avgjerda var likevel ikkje venta så raskt. Domstoladministrasjonen (DA) skulle levere forslaget sitt i slutten av januar neste år.

Men måndag kveld skar regjeringspartia og samarbeids-partia KrF og Venstre i justiskomiteen på Stortinget gjennom og stoppa alle planar om å slå saman ti tingrettar til fem, slik regjeringsforeløpet foreslo. Eitt av forslaga som vart vurdert var å slå

saman Hallingdal tingrett og Ringerike tingrett.

- Dette er ein god dag, den beste eg har hatt som ordførar, seier ordførar Tore Haraldset.

Hallingane må smi

Nestleiar i justiskomiteen, Anders B. Werp (H) frå Øvre Eiker, meiner at hallingane no må smi og handle raskt for å få gjennomslag for ei samlokalisering av tingretten og jordskiftern.

- Bygg opp eit konsept rundt dette og ta ny kontakt med Domstoladministrasjonen. Eit slikt opplegg vil også ivareta intensjonen som DA har med å få meir ut av kompetansen, er rådet frå Werp.

For Nes kommune er det også viktig å få ei avklaring. For kommunen står klar med utbyggingsplanar. 20 millionar er sett av til ei utbygging av Tinghuset.

- Me kan ikkje droppe utbygginga no. Pengane må stå på budsjettet. Me må arbeide vidare for eitt rettscenter i Hallingdal. For dette er ikkje siste

gongen domstolstrukturen blir tema, seier Haraldset.

Ventar på avklaring

Dagleg leiar i Regionrådet for Hallingdal, Knut Arne Gurigard, meiner at hallingane ikkje har noko val, sjølv om samanläatingsprosessen er stoppa.

- Hallingdal er samd om lokalisering av eit felles rettsenter i Nesbyen. Me må berre jobbe for å få dette til. Då står me også sterke i neste runde.

Sjølv om Domstoladministrasjonen i sommar sa nei til etablering av eit felles rettsenter, blir eit slikt prosjekt vurdert på nytt.

- Eg har ingen annan kommentar til det enn at det blir vurdert. Det kjem ei avklaring, men me veit ikkje når, seier avdelingsdirektør Erling Moe i DA til Hallingdølen.

Feira

Men i Nesbyen vart det uansett feira at Hallingdal tingrett vart redda.

- Avgjerda i justiskomiteen

FAKTA

Domstolsstriden

■ I 2013 foreslo sorenskrivar Stein Arne Vedde å samlokalisere tingretten, jordskiferten, forliksråd og namsmannsordning på ein stad i Hallingdal.

■ Regionrådet støttet ei samlokalisering.

■ Då vart det drag-kamp om rettsstaden, Nes eller Gol.

■ Forslaget avvist av Domstoladministrasjonen i juli i år.

■ Etter valet vart det kjent at regjeringa la opp til å slå saman ti tingrettar til fem.

Hallingdal og Ringerike tingrettar kunne bli Øvre Buskerud tingrett.

■ Regjeringspartia og KrF og Venstre i Stortingets justiskomite har stoppa arbeidet, og meiner seks andre domstolar skal bestå.

er veldig positiv, seier sorenskrivar Vedde, og inviterte til kakefest.

Til stades var kommunestyrepresentant Rune Ihle, som representerte Nes kommune, eksordførar og første varamedlem til Sp på Stortinget, Gerd Eli Berge, dagleg leiar i Regionrådet Knut Arne Gurigard og dei tilsette. Ihle hadde også med seg ei blomsterhelsing frå kommunen.

Nye runder

Det har vore mykje uro etter at forslaget frå regjeringa om å slå saman tingrettar var kjent i haust. Anders B. Werp legg heller ikkje skjul på det.

Men det kan kome nye rundar. Ei påtalereform som kjem vil kunne få betydning for domstolstrukturen, uttaler fleirtalet i justiskomiteen.

- Domstolstrukturen er ikkje sementert med dette. Men eit tydeleg fleirtal set reforma på vent på ubestemt tid. Eg for min del gler meg på Hallingdals vegner, seier Anders B. Werp.

Har fått nytt håp

■ Domstoladministrasjonen kjem likevel på møte med Nes kommune

I løpet av formiddagen snudde pessimismen til optimisme i Nes kommunehus.

ARNE O. LINDAHL
aol@hallingdolen.no

Årsaka er at representantar frå Domstoladministrasjonen (DA) i Trondheim likevel kjem til eit møte i Nesbyen i neste veka der temaet er felles rettsstad i Hallingdal.

- Eg har fått nytt håp, seier ordførar Tore Haraldset.

Avlyste

For få dagar sidan fekk Nes kommune eit brev frå Domstoladministrasjonen (DA) i Trondheim der dei avlyste møtet.

Årsaka var at kommunen, ifølgje DA, ikkje hadde imøtekome krava som DA set til ei samlokalisering av Hallingdal tingrett og Øvre Buskerud jordskifterett i eit ombygd tinghus i Nesbyen. Nes kommune har nemleg utarbeidd og presentert eit skisse-prosjekt for DA. Det er ei ombygging av Tinghuset til 22 millionar kroner.

- Me har også gitt signal til DA om storleiken på husleiga, seier ordførar Tore Haraldset.

Krav

Eit krav frå DA er at utbygginga skal vere kostnadsnøytral, med andre ord at DA ikkje blir

belasta med større drifts- og leigekostnader enn i dag.

DA vil ha ein leigekontrakt på 10 år med opsjon for fem år og med rett til å seie opp avtalen med 12 månaders frist dersom regjeringa eller Stortinget vedtek endringar i domstolstrukturen. I Nes kommune er ønsket at leigeavtalen skal gjelde for 20 år.

- Husleiga er ikkje høgare enn på Ringerike og i andre sentrale strøk. Me kan konkurrere på pris, seier Haraldset.

Frykta

Han frykta at DA var i ferd med å setje foten ned for heile prosjektet då DA ville avlyse møtet. No er han optimist att.

- Meldinga me fekk midt på dagen onsdag om at dei likevel kjem og vil møte oss er verkeleg positiv, seier han.

- Korleis tolkar du denne snuoperasjonen?

- Eg trur ikkje dei hadde kome til eit møte her i Nesbyen viss dei ikkje hadde med seg noko. Eg tolkar det som sagt positivt.

22 millionar

Haraldset stadfestar at Nes kommune ønsker seg ein 20 år lang leigeavtale og ikkje ti år.

- Å investere 22 millionar med ei leigetid på berre ti år er på grensa. Eg satsar på at me får positive signal, og kan arbeide vidare med prosjektet. Målet vårt er å kome i gang med prosjektet til våren, seier Tore Haraldset.



UTSETT: Det er semje i Hallingdal om at Tinghuset i Nesbyen blir felles rettsstad for Hallingdal med tingrett og jordskifterett. Men kva meiner eigentleg Domstoladministrasjonen?

FAKTA

Domstolstriden

- I 2013 peika soren-skriver Stein Arne Vedde i eit brev til ordførarane på fordelane ved å samle dei rettslege funksjonane i Hallingdal på ein stad.

- Han foreslo ei samlokalisering av tingrett, jordskifterett, forliksråd og namsmannsordning.
- Regionrådet støttet ei samlokalisering.

- Det aktuelle vart ei samlokalisering av tingretten i Nesbyen og jordskifteretten på Gol.
- Etter ein dragkamp mellom Nes og Gol, samla kommunane seg om Nes.
- I juli i fjor ville Domstoladministrasjonen droppe prosjektet. Grunngjevinga var økonomi.
- Seinare på året opna tingrett var redda.
- DA for å sjå på løysinga med ein felles rettsstad.
- Etter valet la regjeringa opp til ei samanståing av fleire tingrettar rundt i landet. Hallingdal og Ringerike skulle bli Øvre Buskerud tingrett. Før jul i fjor stoppa regjeringspartia, KrF og Venstre i Stortingsets justiskomite dette arbeidet. Hallingdal tingrett var redda.

NYTT HÅP:
Nes-ordførar Tore Haraldset er optimist att.
(ARKIVFOTO)



